

Forskrift om start og landing med luftfarty og motorisert ferdsel på vassdrag, Lom kommune, Innlandet fylke

Fastsett av Lom kommunestyre 20.06.2023 med heimel i lov av 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4 siste ledd og § 5.

1. *Landing med luftfarty*

Det er ikkje tillate å lande og starte med luftfarty på Skim/ Otta elv i Lom kommune.

2. *Bruk av motorbåt*

a) På Høyvatnet og Langvatnet i Leir- og Bøverdalen statsallmenning er det ikkje tillate å bruke motorbåt eller båt med påhengsmotor.

I samband med utøving av fiske på Høyvatnet er det likevel tillate å nytte båt med elektrisk motor med maksimal inngangseffekt på 800 W. Elektrisk motor kan berre nyttast i perioden frå 1. juli til sesongslutt for garn- og oterfiske.

b) På vatn/vassdrag der det er lov å nytte motorbåt, er det ikkje lov å bruke motorar som er større enn 10 hk.

3. *Forbod mot bruk av vass-scooter o.l.*

Det er ikkje høve til å nytte vass-scooter, vassjet, aquabike eller liknande farkostar på noko vatn eller vassdrag innan Lom kommune.

4. *Dispensasjon*

Når særlege grunnar ligg føre kan rådmannen etter søknad gje dispensasjon frå reglane i denne forskrifta.

5. *Straffeansvar*

Brot på reglane i forskrifta vert straffa i samsvar med § 12 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

6. Denne forskrifta trer i kraft 01.07.2023, og erstattar tidlegare forskrift av 28. april 2011.